

## Johann Roppen

---

**Frå:** Johann Roppen  
**Send:** torsdag 18. februar 2021 11:26  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 7/2021, 18. FEBRUAR

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 7/2021, 18. FEBRUAR

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### KORONA: FØLG MED PÅ INFORMASJON FRÅ KOMMUNANE OG HVO

Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje med både på Høgskulen og Volda/Ørsta kommune sine nettsider der det er oppdatert informasjon om korona.

[Koronainformasjon frå Volda kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.](#)

[Koronainformasjon frå Ørsta kommune.](#)

### KORONA (2): FRAMLEIS MEST HEIMEKONTOR

Høgskulen i Volda følgjer dei nasjonale tilrådingane som seier at tilsette bør ha heimekontor om det er muleg. I ein e-post til alle tilsette understrekar høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen at det er viktig at høgskulen held i gang sentrale funksjonar, både overfor studentar og kollegaer. Det betyr blant anna at det er viktig at det er personar til stades som kan svare på spørsmål, og at slike oppgåver ikkje fell berre på nokre få. Tilsette i utvalde funksjonar/einingar kan difor bli bedne om å kome på kontoret, anten heile tida eller innimellom. Høgskuledirektøren minner også om at på heimekontor skal ein vere tilgjengeleg i kjernetida som vanleg, både på telefon og på e-post.

### DISPUTAS (1): STEIN CONRADSEN BLIR HØGSKULENS FØRSTE "EIGNE" PH.D.

Fredag 19. februar vil høgskulelektor [Stein Conradsen](#), AHL, disputere ved Høgskulen i Volda. Conradsen er den første doktoranden som både har følgd Høgskulen i Volda / Høgskolen i Molde felles doktorgradsprogram i helse- og sosial og som disputerer i Volda. Tidlegare har fleire disputert ved Høgskolen i Molde fordi dei vore tilsette der. Conradsens disputas kan følgjast på video. [Les meir om Conradsens disputas og finn lenke til disputasen.](#)

### DISPUTAS (2): BLI KJENT MED CONRADSEN OG PH.D.-PROSJEKTET

På [høgskulen sine nettsider](#) kan du lese meir om Stein Conradsen og prosjektet han snart har gjennomført. Prosjektet handlar om pasientar si oppleving av helseinformasjon i samband med kirurgiske inngrep.

### DISPUTAS (3): FØRSTE DISPUTAS I VOLDA SIDAN 2003

Stein Conradsen blir den første som disputerer i Volda sidan 2003. I 2003 disputerte [Torill Mortensen](#) (HF-fakultetet) og [Johann Roppen](#) (SV-fakultetet) i Volda. Begge var HVO-tilsette ved Avdeling for mediefag men studentar på doktorgradsprogram ved Universitetet i Bergen. UiB ville heller ha alle sine disputasar i Bergen, så då vart det ikkje fleire disputasar i Volda - før i 2021.

### DISPUTAS (4): DIGITALE DISPUTASAR FOR FLEIRE HØGSKULETILSETTE

Korona-viruset bryr seg like lite om disputasar som noko anna og svært mange doktordisputasar har difor vorte arrangerte digitalt med deltakarar spreidde på mange ulike stader, kanskje mange ulike land eller verdsdelar. Fleire HVO-tilsette har disputert på denne måten det siste året, frå sine kontor eller heimekontor, så definisjonen av kva det vil seie å "disputere i Volda" kan ein faktisk diskutere. [Her er oversyn over alle disputasar som HVO-tilsette har gjennomført sidan 2013.](#)

## **NOKUT (1) EIN MERKNAD TIL KVALITETSSYSTEMET VED HØGSKULEN I VOLDA**

Kvalitetsorganet NOKUT har utpeika ein sakkunnig komite som har vurdert [kvalitetssystemet for utdanning ved Høgskulen i Volda](#). Komiteen har no vurdert kvalitetssystemet ut frå 9 kriterium og har for 8 av dei konkludert med at kvalitetssystemet er godkjent. Det siste punktet handlar om periodiske studieprogramevalueringar der høgskulen vedtok ny mal for dette hausten 2019. Komiteen peikar på at HVO må vise til at vi har gjennomført periodiske studieprogramevalueringar før dette punktet blir godkjent. Komiteen reknar dette som eit "enkelt tiltak" å gjennomføre. Etter tilsynsbesøket har Utdanningsutvalet ved Høgskulen slutført og godkjent to slike evalueringar, og har også to andre som ligg og ventar på godkjenning til neste møte i utvalet. Det er styret i NOKUT som gjer endeleg vedtak om godkjenning i saka 22. april 2021.

## **NOKUT (2) GODKJENNING AV NY MASTER I "SKRIFTKULTURAR"**

Kvalitetsorganet NOKUT har utpeika ein sakkunnig komite som har vurdert Høgskulen i Volda sin søknad om å starte eit nytt mastertilbod i "Skriftkulturar". Den sakkunnige komiteen innstiller på å godkjenne søknaden i brev til Høgskulen i Volda 15.2.2021. Den nye mastergraden vil ha eit breitt og tverrfagleg perspektiv på ulike typar skriftkulturar. I studiet får studentane høve til å sjå mindre brukte skriftspråk i lys av dominerande verdsspråk med nynorsk og engelsk som sentrale eksempel på skriftspråk med ulike rammevilkår. Det blir lagt opp til internasjonal utveksling, både ved at masterstudentane kan ta emne ved ein av Høgskulen i Volda sine samarbeidsinstitusjonar i utlandet, og ved at internasjonale studentar kan ta emne ved Master i skriftkulturar. Studiet tilbyr fordjuping i anten engelsk eller norsk. Saman med PPU gjev fullført studium lektorkompetanse i faga engelsk eller norsk i skulen og kvalifiserer også for arbeid i forlag, media og kulturformidlingsinstitusjonar. Fagmiljøet reknar med at dette nye tilbodet vil kunne vere attraktivt for fleire nye grupper av studentar og såleis styrke fagmiljøa i norsk og engelsk, både når det gjeld studentar og rekruttering av tilsette.

## **HØGSKULEN LYSER UT SÅKORNMIDLAR: VIL HA FLEIRE FORSKINGSSØKNADER**

Forskningsadministrasjonen har lyst ut interne "såkornmidlar" for 2021. Det er sett av kr 900.000 og det er høve til å søke om desse midlane gjennom heile året. Søknadar om støtte til å drive fram og utvikle søknader til regionale, nasjonale eller internasjonale (EU) forskingsfond og andre finansieringskjelder vert prioriterte og [forskningsgruppene](#) vert særleg oppmoda til å søke. [Les meir om ordninga på nettsidene våre](#).

## **ÅRSREKNESKAP FOR 2020: AUKE I AVSETNINGAR**

Nettavisen Khrono skriv at norske høgskular og universitet i 2020 auka avsetningane (unytta midlar) frå ca. 2,4 til ca. 3,4 milliardar kroner. Høgskulen i Volda auka avsetningane med knapt 10 millionar kroner frå ca. 74 til ca. 82 millionar kroner. Høgskulen kjem til å bruke mykje av midlane på inventar og utstyr til Sivert Aarflot-huset, på ombygging av Hans Strøm-huset og på andre tiltak. [Les meir i Khrono](#).

## **PÅMINNING: STRATEGIVERKSTADER 22. FEBRUAR, 10. MARS OG 16. MARS**

Høgskuledirektøren har invitert alle tilsette til å vere med i arbeidet med ny strategiplan for Høgskulen i Volda for åra 2022-2025. Det vert arrangert tre like verkstadar våren 2021 og tilsette vert inviterte til å velje ein av dei. På verkstaden skal fire tema diskuterast: 1) Utdanning, 2) forskning og utvikling, 3) samfunnsdialog og kunnskapsdeling og 4) kultur og menneske. Alle tilsette har fått e-post med invitasjon til å delta anten 22. februar, 10. mars eller 16. mars.

## **INTERNPRAKSIS I VOLDA CAMPUS SPAREBANK1 ARENA**

Måndag 15. februar starta mange av mediestudentane den interne praksisen. Det betyr blant anna at både Nærnett, Nærsynet og Radio Volda er oppe og går med nyhende og reportasjar frå Volda, Ørsta og også andre kommunar på Søre Sunnmøre. Nytt i 2021 er at ein del av studentane har sine øvingslokale i Volda Campus Sparebank1 Arena. Årsaka er naturlegvis korona som gjer at studentar og lærarar treng meir plass for å oppfylle smittevernreglane. [Les studentanes eigenomtale av starten på praksisen på Nærnett](#).

## **NÆRNETT (1): KUNNSKAPSMINISTEREN MØTTE VOLDASTUDENTAR**

Kunnskapsminister Henrik Asheim møtte tysdag 16. februar eit utval voldastudentar til frukostmøte - på video. Voldastudentane var kritiske til nokre av koronatiltaka. [Les meir på Nærnett](#).

## **NÆRNETT (2) TAKPLATER DATT NED I IVAR AASEN-HUSET**

Måndag 15. februar løsna to takplater i metall inne i eit undervisningsrom i Ivar Aasen-huset. Studentar var samla til undervisning, men ingen vart treft av takplatene. Diverre er dette noko som skjer av og til i Ivar Aasen-huset. [Les meir på Nærnett](#).

### **NÆRNETT (3) UNDERSKOT FOR ROKKEN**

Studenthuset Rokken har hatt tilnærma null inntekter det siste året og går dermed med underskot. Dagleg leiar Åge Staurset håpar at hausten 2021 skal bli betre. [Les meir på Nærnett](#).

### **TILBOD OM MASTER I BARNEHAGEKUNNSKAP I VOLDA**

Høgskulen i Volda startar hausten 2021 eit nytt studietilbod: Master i barnehagekunnskap. Det er no opna for søking på studiet. [Les meir om studiet på nettsidene våre](#).

### **VIDAREUTDANNING FOR LÆRARAR (1) HØGSKULEN I VOLDA HAR 15 TILBOD**

Høgskulen i Volda tilbyr heile 15 studietilbod på ulike nivå innanfor Kompetanse for kvalitet (KFK)-ordninga. Dette er ei vidareutdanning for lærarar i skule og barnehage. Blant studietilboda Høgskulen i Volda tilbyr er: Andrespråkspedagogikk, engelsk, matematikk, nynorsk i opplæringa, kunst og handverk, programmering og spesialpedagogikk. Høgskulen tilbyr også ei vidareutdanning i realfag i barnehagen og Rettleiarutdanning for praksislærarar. [Les meir om studietilboda på nettsidene våre](#).

### **VIDAREUTDANNING FOR LÆRARAR (2): NORSK 2: NYNORSK I OPPLÆRINGA**

Høgskulen i Volda tilbyr nettstudiet "Norsk 2, Nynorsk i opplæringa". Dette er den einaste vidareutdanninga innanfor Kompetanse for kvalitet (KFK) som handlar om nynorsk og nynorskdidaktikk. Høgskulelektor Hjalmar Trond Eiksund ved Institutt for språk og litteratur er kontaktperson for studietilbodet. Søknadsfristen er 1. mars 2021. [Les meir på nettsidene våre](#).

### **STUDENTBARNEHAGEN - OGSÅ FOR HVO-TILSETTE: SØKNADSRIST 1. MARS**

Studentbarnehagen vil hausten 2021 vere meir open for søknader frå tilsette på Høgskulen i Volda. Søknadsfrist er 1. mars. Styret i SiVolda vedtok ei endring i vedtektene for barnehagen som opna for det. Studentbarnehagen har hatt noko ledige plassar dei siste åra. [Her er omtale av studentbarnehagen på nettsidene til Studentsamskipnaden](#).

### **NYTT OM HVO-TILSETTE: NYE FØRSTELEKTORAR**

Tre tilsette ved Høgskulen i Volda har fått opprykk til førstelektor: [Odd Helge Mjellem Tonheim](#) har fått opprykk frå høgskulelektor til førstelektor i matematikdidaktikk. Tonheim er tilsett på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, men har permisjon fordi han har vorte vald til prorektor.

Høgskulelektor [Marit Brekke](#), Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, har vorte førstelektor i norsk/norskdidaktikk.

Høgskulelektor [Kristian Fuglseth](#), Avdeling for mediefag, har vorte førstelektor i kommunikasjon.

Dei faglege opprykka vart stadfesta av [Tilsettingsutvalet for faglege stillingar \(TUFO\)](#) i møte 16. februar.

### **PRODEKANANE PÅ AHL HELD FRAM**

Høgskulen i Volda har dei siste åra innført ei ordning med prodekanar i deltidstillingar. På AHL har det no vorte avgjort av dekan at dei to prodekanane held fram i to nye år. Dei to prodekanane er professor Per Halse som held fram som prodekan for forskning og høgskulelektor Silje Ims Lied som held fram som prodekan for utdanning.

### **PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrerer publiseringane dine i Cristin](#).

### **PUBLISERINGAR (2): NYE RAPPORTAR, STUDENTOPPGÅVER OG ANDRE ARBEID**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Volda nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her](#).

### **PUBLISERINGAR (3) EKORNES I "HIGHER EDUCATION RESEARCH AND DEVELOPMENT"**

[Førsteamanuensis Stine Ekornes](#), AHL, har publisert ein artikkel i tidsskriftet «Higher Education Research and Development» (Taylor and Francis). Tittelen på artikkelen er: "[The impact of perceived psychosocial environment and academic emotions on higher education students' intentions to drop out.](#)"

### **PUBLISERINGAR (4) SAUNDERS I ANTOLOGI: "AESTHETIC APPREHENSIONS"**

[Førsteamanuensis Timothy Saunders](#), AHL, har skrive eit kapittel: «[Close reading and critical immersion](#)» i antologien "Aesthetic Apprehensions: Silences and Absences in False Familiarities" (Lexington Books). Boka er resultatet av eit samarbeidsprosjekt innanfor UH-Nett Vest: "[Absences and Silences in False Familiarities](#)". Deltakarar har vore forskarar frå Høgskulen i Volda (Saunders), Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Stavanger – i lag med forskarar frå universitet i USA og Storbritannia.

### **PUBLISERINGAR (5) PEDER HAUG HAR GITT UT NY BOK: "SPESIALUNDERVISNING. EI INNFØRING"**

[Professor Peder Haug](#), AHL, har kome ut med ny bok på Samlaget. Boka heiter "[Spesialundervisning. Ei innføring](#)". For studentar og tilsette på Høgskulen i Volda kan det vere greitt å vite at boka alt er tilgjengeleg i Akademika-bokhandelen.

### **PUBLISERINGAR (6) RUNE KRUMSVIK I "DEN NORSKE TANNLEGEFORENINGSS TIDENDE"**

Professor II Rune Johan Krumsvik, AKF/UIB, har ein artikkel i Den norske tannlegeforenings Tidende: Rune Johan Krumsvik, Lise Øen Jones og Kristin Klock: "[Bruk av responsteknologi i forelesninger: Erfaringer fra "Praksisstudiet" ved UiBs tannlegeutdanning](#)".

### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2021**

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

#### **Vårsemesteret 2021:**

- 13.-27.2.2021: [Studentveka](#)
- 17.2.2021: [Utdanningsutvalet](#)
- 18.2.2021: [Forskningsutvalet](#)
- 19.2.2021: [Disputas](#) for [Stein Conradsen](#), AHL, på HVO
- 4.3.2021: [Styremøte](#)
- 18.-19.3.2021: Avdelingsseminar, ASH
- 6.-7.4.2021: Avdelingsseminar, AKF
- 14.4.2021: [Utdanningsutvalet](#)
- 21.-25.4.2021: [Dokfilm-festivalen](#)
- 29.04.2021: [Styremøte](#)
- 26.5.2021: [Utdanningsutvalet](#)
- 3.6.2021: Etatstyringsmøte med Kunnskapsdepartementet (video)
- 10.06.2021: [Styremøte](#)
- 16.-17.06.2021: [Fjordkonferansen](#), Molde

#### **Hautsemesteret 2021:**

- 9.09.2021: [Styremøte](#)
- 24.-28.09.2021: [Forskingsdagane 2021](#)
- 1.10.2021: 50-års jubileum for [Avdeling for mediefag](#)
- 20.10.-21.10.2021: [Styreseminar og styremøte](#)
- 29.-30.09.2021: [Karrieredagane 2021](#)
- [Animation Volda](#) (dato ikkje bestemt)
- 3.-04.11.2021: [Utdanningsdagane 2021](#)

9.12.2021: [Styremøte](#)

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

[16.2.2021: Studiebarometeret 2020: Blanda drops for Høgskulen i Volda](#)

[11.2.2021: Fleire kvinnelege professorar og dosentar: Saman mot toppkompetanse](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

